

PLAN FOR FRAMTIDIG STRUKTUR AV BARNEHAGAR I SUNNFJORD KOMMUNE

2022-2032



Sunnfjord
kommune



Innhold

.....	1
1 Bakgrunn for planarbeidet	4
1.1 Føremål med planen	4
1.2 Rolla som barnehageeigar og barnehagemyndighet.....	4
1.3 Innhaldet i planen med vedlegg.....	4
1.4 Kva har vi ikkje med i planen.....	5
2 Nasjonale og lokale føringar.....	6
2.1 Nasjonale føringar.....	6
2.2 Lokale føringar	6
2.3 Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022 - 2030.....	6
2.4 FN sine berekraftmål opp mot plan for framtidig bruk av barnehagane.....	7
.....	8
3 Utviklingstrekk i høve barnetal.....	9
3.1 Folkevekst.....	9
3.1.1 Folketalet i 2022 fordelt på skulekrinsar – barneskular 9	9
3.1.2 Framskriving av innbyggjartalet i Sunnfjord kommune	9
3.2 Barnetalsutvikling	10
3.2.1 Barnetalet 2022.....	10
3.2.2 Framskriving av barnetalet i Sunnfjord kommune....	10
3.2.2.1 Sunnfjord kommune.....	10
3.2.3 Framskriving av barnetalet i region Førde	11
3.2.3.1 Flatene skulekrins.....	11
3.2.3.2 Førde barneskule skulekrins.....	11
3.2.3.3 Holsen skulekrins.....	12
3.2.3.4 Slåtten skulekrins	12
3.2.3.5 Sunde skulekrins.....	12
3.2.4 Framskriving av barnetalet i region Gaula	13
3.2.4.1 Bygstad skulekrins	13
3.2.4.2 Sande skulekrins.....	13
3.2.4.3 Viksdalen skulekrins	14
3.2.5 Framskriving av barnetalet i region Jølster	14
3.2.5.1 Skei skulekrins	14
3.2.5.2 Vassenden skulekrins	15
3.2.6 Framskriving av barnetalet i region Naustdal.....	15
3.2.6.1 Naustdal skulekrins	15
3.2.6.2 Vevring skulekrins	16
3.3 Oppsummering av barnetalsutviklinga	16
4 Om Sunnfjordbarnehagen	17
4.1 Barnehagar i Sunnfjord kommune	17
4.2 Godkjenning av barnehagar	17
4.3 Barnehageopptak – korleis sikre full barnehagedekning..	17
4.4 Kvar ynskjer familiar barnehageplass?	17
4.5 Mål for struktur for Sunnfjordbarnehagen	17
4.6 Økonomi i barnehagesektoren.....	18

4.7	Dagens barnehagestruktur	18
4.7.1	Region Førde	18
4.7.1.1	Flatene, Sunde og Holsen skulekrins	18
4.7.1.2	Førde sentrum	19
4.7.1.3	Slåtten skulekrins.....	19
4.7.2	Region Gaular	19
4.7.3	Region Jølster	19
4.7.4	Region Naustdal.....	20
5	Standard for framtidige barnehagar	21
5.1	Rammevilkår for å vurdere eksisterande barnehagar	21
5.2	Oppsummering – korleis er standarden på barnehagane være	22
6	Framtidig barnehagestruktur - tiltak	23
6.1	Prioriterte tiltak i samband med struktur	23
6.1.1	Tiltak 1: Legge ned Karstad barnehage.....	23
6.1.2	Tiltak 2: Legge ned Vevring barnehage.....	23
6.1.3	Tiltak 3: Bygge ny barnehage i Slåtten skulekrins	23
6.2	Tiltak som bør vurderast i eit lengre perspektiv	23
6.2.1	Tiltak4 : Etablere oppveksttun	23
6.2.2	Tiltak 5: Bygge ny barnehage i Førde sentrum, Øyrane 23	

1 Bakgrunn for planarbeidet

1.1 Føremål med planen

Sunnfjord kommune har i dag 26 barnehagar der 18 er kommunale og 8 er private. Kommunen står framfor store demografiske endringar i åra framover. Andelen eldre innbyggjarar aukar, medan andelen born og unge minkar. Barnehagesektoren må tilpasse seg desse endringane – vi må både sjå på kor mange barnehageplassar vi har behov for, kvar barnehagane skal vere og kva tilbod vi skal gje. Det er eit mål at vi skal ha attraktive barnehagar med høg kvalitet for å tiltrekke oss både nye innbyggjarar og rekruttere fagfolk til sektoren.

Dei demografiske endringane påverkar også rammeoverføringane til kommunen og vi er nøydd å drive meir kostnadseffektivt enn i dag, samstundes som vi bør ha som mål å sikre like god kvalitet i barnehagane. I tillegg viser økonomianalyser at Sunnfjord kommune i dag har høgare kostnader til barnehagedrift enn samanliknbare kommunar.

Barnehagane i Sunnfjord kommune er bygd i perioden frå sein 1970-talet og fram til 2017. I denne perioden har barnehagesektoren hatt ei rivande utvikling og det er andre krav til barnehagar i dag enn tidlegare. Eit av føremåla med planarbeidet er å få oversikt over status på barnehagane og kva behov den enkelte har for å stette dagens krav gjennom lovverket.

I Sunnfjord formannsskap 18.03.21 vart det gjort følgande bestilling for plan for barnehagane:

- Det skal gjennomførast ei utgreiing av barnehagestrukturen i region Førde
- Ved barnehageoppaket for barnehageåret 2021/2022 skulle ein ta sikte på mest mogeleg fulle avdelingar, og samstundes sikre tilstrekkeleg fleksibilitet ved fortløpende opptak av born
- Det skal greiast ut korleis ein kan sikre mest mogeleg effektiv drift av barnehagane i Sunnfjord kommune

Denne planen handlar om kva struktur vi skal ha på barnehagane i Sunnfjord kommune i framtida. Med utgangspunkt i bestillinga frå formannsskapet, skal vi ha ein barnehagestruktur som bidrar til at vi har:

- full barnehagedekning/tilstrekkeleg tal barnehageplassar
- funksjonelle, trygge og gode barnehagar for borna
- gode arbeidsforhold for tilsette
- godkjente barnehagar
- effektiv drift av barnehagane i Sunnfjord kommune

1.2 Rolla som barnehageeigar og barnehagemyndighet

Sunnfjord kommune eig og driv dei kommunale barnehagane. Samstundes er vi barnehagemynde for alle barnehagane i kommunen. Det betyr at vi skal rettleie barnehagane og sjå til at dei blir drivne i samsvar med lovverk. Kommunen har rett til innsyn og adgang til barnehagelokale når det er naudsynt for å ta i vare oppgåvane. Kommunen skal likebehandle private og kommunale barnehagar i rolla som barnehagemynde. Rolla som barnehagemynde skal vere skilt frå rolla som barnehageeigar når det er naudsynt for å sikre tillit og vere upartisk.

1.3 Innhaldet i planen med vedlegg

Å planlegge og vurdere bruk av barnehagane våre er eit omfattande arbeid der mange moment skal vurderast. For at sjølvé plandokumentet ikkje skal vere for omfattande, har vi valt å legge ein del av utgreiingane og analysen som vedlegg i planen. På denne måten kan dei som primært er interessert i struktur og tiltak raskt lese sjølvé planen, medan dei som har interesse for å analyse og utgreiingar kan lese vedlegga i tillegg.

I sjølve planen vil du finne følgjande:

- Kap. 1 Bakgrunn og føremål med planen
- Kap. 2 Nasjonale og lokale føringer for planarbeidet
- Kap. 3 Sentrale utviklingstrekk opp mot barnetal
- Kap. 4 Om Sunnfjordbarnehagen
- Kap. 5 Kort omtale om standard for barnehagen og oppsummering av status i kommunen
- Kap. 6 Framtidig barnehagestruktur – føreslalte tiltak

I tillegg har vi laga følgjande vedlegg til planen:

- Standard for barnehagebygg og uteområde og vurdering av status på barnehagane i dag
- Økonomi i barnehagesektoren

1.4 Kva har vi ikkje med i planen

Planen omtalar ikkje dei faglege måla i sektoren. Det vert utarbeidd eigne fagplanar som syner korleis barnehagane skal jobbe innanfor ulike tema.

Vi jobbar også med tiltak for å redusere kostnaden i barnehagane våre som følgje av innsparingskrav. Dette dreiar seg til dømes om harmonisering av budsjett, sikre at det ikkje er overtallige tilsette i sektoren, vurdere leiingsressurs, gjennomsnittsrekne arbeidstid m.v. Desse tiltaka er ikkje nærmare omtala i denne planen som primært handlar om struktur, men det kan vere viktige tiltak for å sikre effektiv drift av barnehagane våre.

2 Nasjonale og lokale føringar

2.1 Nasjonale føringar

Barnehagelova regulerer barnehagen sitt føremål og innhold. Den omhandlar krav om godkjenning, bemanning, samordna opptaksprosess, born og foreldre sin rett til medverknad, ulike samarbeidsfora og reglar for kva oppgåver som er lagt til barnehageeigar og barnehagemynde.

Rammeplan for barnehagen sitt innhold og oppgåver er ei forskrift til barnehagelova, og gjer greie for barnehagen sitt samfunnsmandat. Den gjev retningslinjer for barnehagen sitt verdigrunnlag, innhold og oppgåver.

Det er staten som gjev dei overordna styringssignalene og rammer for barnehagesektoren. Kommunen har ansvar for å oppfylle lovfesta rett til barnehageplass, for fagleg utvikling og for godkjenning av og tilsyn med barnehagane i kommunen, både private og kommunale.

2.2 Lokale føringar

Sunnfjord kommune har eigne [vedtekter for barnehagane](#), vedteke i 2019. Dei regulerer forhold som eigartilhøve, brukarmedverknad, opptak, endring og oppseiling av barnehageplass, foreldrebetaling, opningstider og ferie, normer for areal, tilsetting og personale, forsikring og internkontroll.

2.3 Kommuneplanen sin samfunnsdel 2022 - 2030



Strategi

- Vi jobbar for berekraftig tettstad- og byutvikling
- Vi skal vere ein inkluderande kommune med gode bumiljø, trygge og aktive innbyggjarar
- Vi skal ha eit klimatilpassa samfunn, god beredskap og ansvarleg økonomi
- Vi jobbar i lag for å skape og utvikle kommunen vår; saman blir vi drivande gode!

Strategi

- Vi styrkar Førde som regionby
- Vi utviklar kommunen og Førde som utdanningsby
- Vi skal satse på grøn næringssutvikling, innovasjon, entreprenørskap og berekraftig bruk av naturressursar
- Vi skal vere eit kulturelt tyngdepunkt på Vestlandet

FN sine berekraftsmål og Sunnfjord kommune sin visjon og verdiar ligg som ein overbygning for hovudmålet i samfunnsdelen. I hovudmålet ligg det ein ambisjon om at vi ynskjer at folk skal bli buande i Sunnfjord og fleire skal flytte hit. For å få dette til, så må vi skape aktivitet og vekse innanfor naturen si tolegrens.

Hovudmålet i kommuneplanen sin samfunnsdel er at vi skal sikre folketalsvekst og berekraftig utvikling i heile kommunen gjennom å vere grøn, mangfoldig og attraktiv. Eitt av delmåla i planen er at vi skal skape gode kvardagsliv for innbyggjarane våre mellom anna ved å vere ein inkluderande kommune med gode bumiljø, trygge og aktive innbyggjarar. Å tilby attraktive og trygge barnehagar med god kvalitet er viktig for å nå

målet om gode kvardagsliv for innbyggjarane. Måla i samfunnsdelen er derfor viktig å ha med seg når vi planlegg bruk og struktur av barnehagane våre. Nokre av tiltaka i kommuneplanen sin samfunnsdel er særskilt relevante for barnehagesektoren:


Satsing i samfunnsdelen	Slik vil vi ha det i 2030
Vi jobbar for berekraftig tettstad- og byutvikling	<ul style="list-style-type: none"> «Den saumlause kvardagen i Sunnfjord»: Det er enkelt og raskt og ferdast mellom heim, skule, jobbe og aktivitetar Vi har sikra at det er nok areal til barnehagar, skular og anna kulturell og sosial infrastruktur i alle nabolag
Vi skal vere ein inkluderande kommune med gode bumiljø, trygge og aktive innbyggjarar	<ul style="list-style-type: none"> Vi har helsefremmende, trygge og gode oppvekstvilkår for born og unge Sunnfjord kommune skal vere ein så god kommune å bu i at folk ynskjer å bli buande her og nye flyttar til
Vi jobbar i lag for å skape og utvikle kommunen vår – saman blir vi drivande gode!	<ul style="list-style-type: none"> Vi er ein kommune som er kjent for å skape aktivitet og tenester i lag med innbyggjarane våre Vi har kompetente, kunnskapsrike og framtidssretta tilsette som jobbar godt i lag til det beste for kommunen

2.4 FN sine berekraftmål opp mot plan for framtidig bruk av barnehagane

Ei berekraftig utvikling handlar om å tilfredsstille behov vi har i dag utan å øydelegge for framtidige generasjonar sine mogelegeheter til å tilfredsstille sine behov. I barnehagen vil alle berekraftsmåla vere sentrale, men det vil vere særskilt relevant å rette merksemda mot desse måla:



Henta frå fn.no og ntnu.no




Illustrasjon henta frå kommuneplanen sin samfunnsdel 2022 – 2030. Syner samanhengen mellom berekraftsmåla og dei ulike delmåla i samfunnsdelen. Gode barnehagar handlar først og fremst om å skape gode kvardagsliv for innbyggjarane våre.

3 Utviklingstrekk i høve barnetal

Korleis folketalet utviklar seg i Sunnfjord kommune generelt og barnetalet spesielt, er viktig grunnlag for å vurdere kor mange barnehagar vi treng. Utviklinga i dei ulike krinsane gjev oss også ein peikepinn på kor nye barnehagar bør byggast.

3.1 Folkevekst

3.1.1 Folketalet i 2022 fordelt på skulekrinsar – barneskular




Tala som er brukt i tabellen er henta frå befolkningsanalysen til Norkart. Samla innbyggjartal i Sunnfjord kommune er 22 085 (27.07.2022). SSB opererer med eit tal på 22 113 innbyggjarar (31.12.2021).

I diagrammet er innbyggjartalet fordelt på skulekrinsane for å syne kor mange som bur i kvar krins.

3.1.2 Framskriving av innbyggjartalet i Sunnfjord kommune

Framskrivinga er gjort fram til 2042. Diagramma som syner framskriving av innbyggjartalet i Sunnfjord kommune er utarbeidd i verktøyet Kompas. I diagramma er det lagt til grunn normal vekst. Tala syner veksten eller nedgangen i dei ulike skulekrinsane. I talmaterialet er det ikkje tatt med bustadutvikling.



	Kompas	SSB
Folkkemende 31.12.2021	22 108	22 116
Folkkemende 31.12.2042	23 275	22 436
Auke	1 167	320
Vekstrate i prosent	0,3	

Framskriving med normal vekst henta frå SSB syner at innbyggjartalet i 2042 vil vere 22 436. Dette er noko lågare enn dei tala som kjem ut gjennom Kompas. I følgje SSB vil det vere om lag null vekst i Sunnfjord kommune dei neste 20 åra.

3.2 Barnetalsutvikling

Framskriving av barnetalet går fram til 2042. Det er verktyet Kompas som er nytta for å få fram utviklinga av barnetalet dei neste 20 åra. Det er sett på barnetalsutviklinga for skulekrinsane til barneskulane i Sunnfjord kommune i statistikken som ligg til grunn for kapittelet.

3.2.1 Barnetalet 2022

Norkart sin befolkningsanalyse er nytta for å få fram barnetalet som er kjent per i dag for dei som er født frå 2017 til 2021. Tala er henta frå Norkart 21.07.2022, og er basert på SSB-tal. Talmaterialet syner tala her og no, og gir eit bilet på kor mange barn som bur i kommunen for åra 2017-2021.

Skulekrins/ År	2021	2020	2019	2018	2017	Sum
Bygstad	13	9	17	13	9	61
Flatene	44	43	46	47	47	227
Førde bsk	22	27	33	17	24	123
Holsen	6	4	5	6	2	23
Naustdal	27	31	28	21	24	131
Sande	26	20	31	19	21	117
Skei	13	11	10	18	17	69
Slåtten	60	48	56	73	65	302
Sunde	19	11	22	19	21	92
Vassenden	19	19	17	23	28	106
Veiring	3	1	1	1	-	6
Viksdalen	3	1	5	3	3	15
Sunnfjord	255	225	271	260	261	1 272

3.2.2 Framskriving av barnetalet i Sunnfjord kommune

Tala som er med i kapittelet er henta frå Norkart sin befolkningsanalyse og Kompas som er eit verkty for å sjå på framskriving. Tala frå Norkart er henta ut 21.07.2022, og syner kor mange som er registrert i kommunen i aldersgruppa 1 – 5 år. I kompas er framskrivinga for barnetalet basert på tala i 2021, då det tek utgangspunkt i folketalet per 31.12.2021. Tala i framskrivinga gjeld for kulla 2016-2020.

Tabellane har to ulike utgangspunkt og ikkje same årstalsfrekvensar, og kan ikkje direkte samanliknast. Det er to måtar å syne korleis situasjonen er no og kan bli i framtida.


3.2.2.1 Sunnfjord kommune

Tal frå Norkart

Årstal	2021	2020	2019	2018	2017	Sum
Sunnfjord	255	225	271	260	261	1 272

Barnetalet ligg om lag på same nivå for alle årstala. Det er ein nedgang i 2020 og 2021 samanlikna med dei andre åra.

Tal frå Kompas



Framskrivningane av barnetalet syner at det blir ein nedgang i barnetalet. Det lågaste barnetalet kjem i åra 2029 og 2030. Då er det 1 144 barn. Barnetalet stig noko utover perioden, og i følgje framskrivninga blir det 1 192 barn i 2042. Tendensen er at barnetalet flatar ut frå 2027 og ut perioden. Det er 80 færre barn i 2042.

3.2.3 Framskriving av barnetalet i region Førde

3.2.3.1 Flatene skulekrins

Tal frå Norkart

Årstal	2021	2020	2019	2018	2017	Sum
Flatene	44	43	46	47	47	227

Det er samla 227 barn i Flatene skulekrins per i dag. Barnetalet er om lag på same nivå i alle kulla.

Tal frå Kompas



I følgje framskrivninga for skulekrinsen blir det ein jann nedgang i barnetalet. Barnetalet synk frå 2022 til 2027 som er det lågaste barnetalet

før mot slutten av perioden. Barnetalet held seg stabilt frå 2027 til 2040 då blir ein ny nedgang. Det er 25 færre barn i 2042.


3.2.3.2 Førde barneskule skulekrins

Tal frå Norkart

Årstal	2021	2020	2019	2018	2017	Sum
Førde bsk	22	27	33	17	24	123

Det er til saman 123 barn i Førde barneskule sin skulekrins per i dag. Barnetalet varierer frå kull til kull frå 17 barn i 2018-kullet til 33 barn i 2019-kullet.

Tal frå Kompas



I følgje framskrivninga for skulekrinsen blir det ein jann nedgang i barnetalet. Barnetalet synk frå 2021 og ut perioden fram mot 2042. Det er 40 barn færre i 2042.

Samanlikna med tala frå Norkart har framskrivninga frå Kompas eit høgare utgangspunkt med 141 barn i 2021. I årskulla 2016-2021 er det 133 barn

som er noko lågare enn framskrivinga syner. Tala mellom framskrivinga og registrerte busette er eit avvik på 8 barn. Ei av årsakene til avviket kan vere at det har vore fråflytting frå krinsen i løpet av 2020.

3.2.3.3 Holsen skulekrins

Tal frå Norkart

Årstal	2021	2020	2019	2018	2017	Sum
Holsen	6	4	5	6	2	23

Det er samla 23 barn i Holsen skulekrins per i dag. Barnetalet er for dei fleste kulla jamne, det er eit unntak og det er 2017-kullet der det er 2 barn.

Tal frå Kompas



I følgje framskrivinga for skulekrinsen blir det ein nedgang dei første åra før det stig jamt til same nivå som i dag i 2042. Barnetalet synk fram til 2027, held seg på 15 barn fram til 2032 då det blir ei jamn stigning ut perioden.

3.2.3.4 Slåtten skulekrins

Tal frå Norkart

Årstal	2021	2020	2019	2018	2017	Sum
Slåtten	60	48	56	73	65	302

Det er samla 302 barn i Slåtten skulekrins per i dag. Barnetalet varierer noko frå kull til kull, det er lågast i 2020 – kullet med 48 barn og høgst i 2018 – kullet med 73 barn.

Tal frå Kompas



I følgje framskrivingane for skulekrinsen er det ein nedgang i barnetalet. Første nedgangen skjer alt i 2024 før det aukar til om lag same nivå som i 2021. I 2031 er det ein jamn nedgang fram til 2042. Det er 26 barn færre i 2042.

3.2.3.5 Sunde skulekrins

Tal frå Norkart

Årstal	2021	2020	2019	2018	2017	Sum
Sunde	19	11	22	19	21	92

Det er samla 92 barn i Sunde skulekrins per i dag. Barnetalet er jamt mellom 19-22 barn for dei fleste kulla. 2020 – kullet skil seg ut med 11 barn.

Tal frå Kompas



I følgje framskrivinga for skulekrinsen er barnetalet om lag jamt i heile perioden. Det blir ein nedgang fram mot 2028 med det lågaste barnetalet før det blir ei jamn stigning ut perioden.

3.2.4 Framskriving av barnetalet i region Gaular

3.2.4.1 Bygstad skulekrins

Tal frå Norkart

Årstal	2021	2020	2019	2018	2017	Sum
Bygstad	13	9	17	13	9	61

Det er samla 61 barn i Bygstad skulekrins per i dag. Kulla varierer noko frå 9 barn i 2017 og 2020 til 17 barn i 2019.

Tal frå Kompas



I følgje framskrivinga for skulekrinsen er barnetalet om lag jamt i heile perioden med ei lita stigning. Det blir ein nedgang fram mot 2027 før tala blir positive for krinsen. Det er ein auke på 11 barn i 2042.

3.2.4.2 Sande skulekrins

Tal frå Norkart

Årstal	2021	2020	2019	2018	2017	Sum
Sande	26	20	31	19	21	117

Det er samla 117 barn i Sande skulekrins per i dag. Kulla varierer noko med 19-21 barn i kulla 2017, 2018 og 2020 til 26-31 i kulla 2019 og 2021.

Tal frå Kompas



I følgje framskrivinga for skulekrinsen varierer barnetalet noko i perioden. Det blir ein liten stigning i starten før det blir ein nedgang. På det lågaste er barnetalet 82 i 2032. Etter dette stig barnetalet jamt ut perioden. Det er ein auke på 7 barn i 2042.

3.2.4.3 Viksdalen skulekrins

Tal frå Norkart

Årstal	2021	2020	2019	2018	2017	Sum
Viksdalen	3	1	5	3	3	15

Det er samla 15 barn i Viksdalen skulekrins per i dag. Kulla varierer noko frå 1 barn i 2020 til 5 barn i 2019.

Tal frå Kompas



I følgje framskrivinga for skulekrinsen blir barnetalet jamt i heile perioden. I starten svingar det mellom 12-14 barn fram til 2033, før det blir ei stigning mot slutten av perioden til 17 barn i 2042.

3.2.5 Framskriving av barnetalet i region Jølster

3.2.5.1 Skei skulekrins

Tal frå Norkart

Årstal	2021	2020	2019	2018	2017	Sum
Skei	13	11	10	18	17	69

Det er samla 69 barn i Skei skulekrins per i dag. Kulla barierer frå 11 barn i 2020 til 18 barn i 2018.

Tal frå Kompas



I følgje framskivinga blir det ein nedgang i starten av perioden. Barnetalet er på det lågaste i 2028-2030 før det stig noko. Barnetalet held seg om lag på same nivå ut perioden. Det er 17 færre barn i 2042.

3.2.5.2 Vassenden skulekrins

Tal frå Norkart

Årstal	2021	2020	2019	2018	2017	Sum
Vassenden	19	19	17	23	28	106

Det er samla 106 barn i Vassenden skulekrins per i dag. Det er noko variasjon i kulla, det største kullet er i 2017. Frå 2017 er det ein nedgang i tal barn i kulla.

Tal frå Kompas



I følgje framskivinga blir det ein nedgang i barnetalet i starten av perioden før det stig jamt og kjem opp på nivået som er i dag. Barnetalet er på det lågaste i 2024 med 96 barn.

3.2.6 Framskriving av barnetalet i region Naustdal

3.2.6.1 Naustdal skulekrins

Tal frå Norkart

Årstal	2021	2020	2019	2018	2017	Sum
Naustdal	27	31	28	21	24	131

Det er samla 131 barn i Naustdal skulekrins per i dag. Det er ein auke i tal barn i kulla frå 2019-2021.

Tal frå Kompas



I følgje framskrivinga for skulekrinsen vil barnetalet halde seg på om lag same nivå som i dag. Barnetalet svingar nok i perioden og har 6 færre barn i 2042 samanlikna med 2021. Det lågaste barnetalet kjem i 2026 før det stig jamt utover perioden.

3.2.6.2 Vevring skulekrins

Tal frå Norkart

Årstal	2021	2020	2019	2018	2017	Sum
Vevring	3	1	1	1	-	6

Det er samla 6 barn i Vevring skulekrins per i dag. Det er ein auke i tal fødte i 2021, då det er født 3 barn. Dei andre kulla har eit barn.

Tal frå Kompas



I følgje framskrivinga for skulekrinsen vil barnetalet halde seg på om lag same nivå i heile perioden. Dei vil ha ein jamn auke og vere ei auke på fire barn i perioden fram til 2042.

3.3 Oppsummering av barnetalsutviklinga

Forventa tal fødde barn i Sunnfjord kommune viser ein nedgang dei nærmaste åra. Deretter vert det førespegla stabilitet. Den største variasjonen av omsyn til tal fødde barn, er i Førde. Prognosane viser at skulekrinsane utanfor Førde har eit meir stabilt barnetal i perioden.

Det er Slåtten skulekrins som i følgje framskrivingane har det høgste talet barn i perioden.

Skal ein sjå på samanhengen mellom stabile barnetal og kor det vil vere føremålsteneleg å eventuelt bygge nye barnehagar, så vil dette vere innanfor Slåtten skulekrins. Slåtten skulekrins er i same område som Førde sentralsjukehus. Førde sentralsjukehus er den arbeidsplassen med flest tilsette i Sunnfjord kommune, og bustadområde rundt sjukehuset er

lagt til rette for småbarnsfamiliar. I tillegg til at nærliken til sjukehuset for dei som jobbar der, er sentral når ein skal busetje seg.

Av andre område som peikar seg ut som eventuell aktuell for bygging av ny barnehage er Øyrane, i sentrum av Førde. Dette då sentrum av Førde rommar mange arbeidsplassar og foreldre kører gjennom sentrum for å kome til og frå jobb. Å ha ein barnehage som ligg sentralt i høve jobb vil kunne vere med å gjere Sunnfjord kommune til ein attraktiv kommune å bu, og arbeide i.

4 Om Sunnfjordbarnehagen

4.1 Barnehagar i Sunnfjord kommune

Sunnfjord kommune har 26 barnehagar, 18 kommunale og 8 private. Dei er ulike i storleik – alt frå ei avdeling til 7 avdelingar. Dei minste barnehagane er i praksis også mindre enn det som vert rekna som èi avdeling med tanke på at det er få born i barnehagen.

4.2 Godkjenning av barnehagar

I 2022 har vi gjennomført ei godkjenning av alle dei kommunale barnehagane, og alle desse er godkjent. Vi er i gong med same prosess på dei private barnehagane med mål om godkjenning i løpet av våren 2023.

I tillegg er barnehagane vurdert etter ein standard for barnehagane i kommunen (sjå kap. 6). Dette ligg som eige vedlegg til planen.

4.3 Barnehageopptak – korleis sikre full barnehagedekning

I Sunnfjord kommune er det samordna opptak som omfattar både kommunale og private barnehagar i kommune. Det er eitt hovudopptak på våren kvart år.

Når hovudopptaket er avslutta og alle med rett til barnehageplass etter Lov om barnehage har fått plass, har ein i Sunnfjord kommune kontinuerleg opptak. Nye søknader vert registrert og handsama fortløpande.

4.4 Kvar ynskjer familiar barnehageplass?


I utgangspunktet er det grunn til å tru at familiar ynskjer plass i barnehage i den krinsen barnet etter kvart skal gå på skule. I Sunnfjord kommune har vi erfart at det ikkje nødvendigvis er slik. Arbeidsplass til foreldra er i mange tilfelle avgjerande for kvar ein sökjer barnehageplass. I Sunnfjord kommune erfarer vi til dømes at mange sökjer barnehageplass i Slåtten skulekrins fordi foreldra arbeider på Førde sentralsjukehus.

Vi ser og at familiar som bur i byggefelt utanfor nærmeste tettstad/skulekrins ved fleire høve sökjer barnehageplass nær eigen arbeidsplass, framfor skulekrins.

4.5 Mål for struktur for Sunnfjordbarnehagen

For å få familiar til å flytte til Sunnfjord og bli buande her, er det viktig å kunne tilby barnehagar med god kvalitet og ha tilstrekkeleg tal plassar der innbyggjarane ynskjer å få plass. Det er dette som blir sett på som attraktive barnehagar. Vi har derfor sett som hovedmål for barnehagestrukturen vår at vi skal ha attraktive barnehagar i Sunnfjord kommune. For å få attraktive barnehagar må vi kunne tilby full barnehagedekning, ha god kvalitet, eit tilnærma likt tilbod i alle

barnehagane, ha barnehagar som er funksjonelle, trygge og gode for borna våre, ha gode arbeidsforhold for dei tilsette samstundes som vi også driv kostnadseffektivt.



4.6 Økonomi i barnehagesektoren

Det er mange faktorar som påverkar økonomien i barnehagesektoren, og som vi må vurdere når vi skal sjå på korleis vi skal drive kostnadseffektive barnehagar samstundes som vi har god kvalitet. Dette gjeld mellom anna samanlikning av driftsutgifter, dekningsgrad, tal årsverk, pedagogtettleik


m.v. Dette er nærmare omtala som eit eige vedlegg til planen: «Økonomi i barnehagesektoren».

4.7 Dagens barnehagestruktur

Kartutsnitta syner kor barnehagane er plassert etter skulekrinsgrensene. Det er utarbeidd eit kartutsnitt for kvar region. For skulekrinsane Slåtten og Førde barneskule er det laga eigne kartutsnitt då det er mange barnehagar plassert i same krins. I oversikta er både kommunale (K) og private barnehagar (P) plassert inn.

4.7.1 Region Førde

4.7.1.1 Flatene, Sunde og Holsen skulekrins




1. Karstad barnehage (K)
2. Slåttebakkane barnehage (K)
3. Halbrend barnehage (K)
4. Ytre Hafstad barnehage (K)
5. Sunde barnehage (K)
6. Holsen barnehage (K)

4.7.1.2 Førde sentrum




1. Solsida barnehage avdeling Haugum (K)
2. Solsida barnehage avdeling Toene (K)
3. Prestebakken barnehage (P)
4. Nærleiken barnehage (K)

4.7.1.3 Slåtten skulekrins




1. Vie barnehage (K)
2. Solvang barnehage (P)
3. Tusenfryd barnehage (K)
4. Vieåsen barnehage (K)
5. Viebøen barnehage (P)
6. Hatlehaugen barnehage (K)

4.7.2 Region Gaular




1. Bygstad barnehage (K)
2. Sande barnehage (P)
3. Viksdalen barnehage (K)

4.7.3 Region Jølster



1. Langhaugane barnehage (K)
2. Vassenden barnehage (P)
3. Åhus barnehage (P)
4. Skei barnehage (K)
5. Stardalen barnehage (P)

4.7.4 Region Naustdal



1. Vevring barnehage (K)
2. Lunden barnehage (K)
3. Naustdal
Idrettsbarnehage (P)

5 Standard for framtidige barnehagar

For å skape attraktive barnehagar, må vi ha sikre, funksjonelle, trygge og gode barnehagar for borna våre og skape gode arbeidsforhold for dei tilsette. Vi har derfor utarbeidd ein standard for framtidige barnehagar i Sunnfjord kommune.

Det er sett ned kriterier både for barnehagebygg og uteområde. I standarden som er utarbeidd er det tatt omsyn til lovverk som gjeld for barn og tilsette og eigne vedtekter. Det er lagt til rette for gode forhold både for barn og tilsette for å skape eit godt barnehagemiljø for barna og eit godt arbeidsmiljø for tilsette.

Standarden er brukt som grunnlag for å vurdere kva behov eksisterande barnehagar har. I standarden er det sagt at framtidige barnehagar skal ha 6 avdelingar for å få ei lønsam og effektiv drift, samt kunne ha stordriftsfordelar. Dette punktet i standarden er ikkje tatt omsyn i vurderingane av eksisterande barnehagar då dei fleste har færre avdelingar. Omtale av alle kommunale barnehagar og standard for framtidige barnehagar ligg som eit eige vedlegg til planen.

Som eit overordna prinsipp er det sagt at Langhaugane barnehage skal vere referansebarnehage for nye barnehagar.

I standarden er bygg delt inn i:

- Romprogram for barn
- Fellesareal
- Romprogram for tilsette

I standarden for uteområde er desse punkta omtala:

- Samla areal for uteområde
- Terrenget
- Dekke i uteområde
- Naturleg vegetasjon

- Leikeapparat
- Mindre bygningar

5.1 Rammevilkår for å vurdere eksisterande barnehagar

For å samanlikne barnehagane blir denne skalaen nytta:

Optimalt
Ikkje optimalt
Manglar
Ikkje relevant

Andre vilkår som er nytta i vurderingane:

Arbeidsplassar	Minimum 6 m ² per plass
Toalett	1 toalett per 20 menn 1 toalett per 15 damer Mindre arbeidsplassar kan ha felles toalett
Barn – avdeling	Det blir ikkje vurdert om det er tilstrekkeleg areal i dei ulike romma i forhold til tal barn på avdelingane, berre om barnehagen har romma
Barn – felles	Det er ikkje vurdert om det er tilstrekkeleg areal i dei ulike romma i forhold til tal barn, berre om dei har romma
Personal	I hovudsak ikkje vurdert om det er tilstrekkeleg areal i dei ulike romma som gjeld personal, berre om dei har romma. Det er eit unntak: areal til arbeidsplassar for pedagogar

5.2 Oppsummering – korleis er standarden på barnehagane våre

I samband med plan for barnehagar i Sunnfjord kommune er det utarbeidd oversikt over standarden på eksisterande barnehagar. I tillegg er det skildra standard for framtidige barnehagar, jf vedlegg.

Barnehagane i områda Jølster, Gauldalen og Naustdal er gjennomgåande bra målt mot utarbeidde standardar, og vil vere funksjonelle for barn og tilsette i planperioden.

Barnehagane i område Førde er dei barnehagane som har størst behov for rehabilitering. Både på kort sikt, og i eit lengre perspektiv. Dei barnehagane som utmerkar seg særskilt i høve behov for nybygg/rehabilitering etter utarbeidd standard er:

- Tusenfryd barnehage
- Hatlehaugen barnehage
- Vieåsen barnehage
- Nærleiken barnehage
- Vie barnehage

6 Framtidig barnehagestruktur - tiltak

Med bakgrunn i faktorar som folketalsutvikling, vurdert standard på eksisterande barnehagar, kostnadseffektiv drift og kvar familiar sørjer barnehageplass, har vi i dette kapitelet forslag til tiltak for framtidig struktur i Sunnfjord kommune.

6.1 Prioriterte tiltak i samband med struktur

6.1.1 Tiltak 1: Legge ned Karstad barnehage

Med utgangspunkt i lågt barnetal i Karstad, tilrår vi at denne barnehagen vert lagt ned frå 1. august 2023.

6.1.2 Tiltak 2: Legge ned Vevring barnehage

Med utgangspunkt i lågt barnetal i Vevring, tilrår vi at denne barnehagen vert lagt ned frå 1. august 2023.

6.1.3 Tiltak 3: Bygge ny 6-avdelings barnehage i Slåtten skulekrins for å erstatte minimum 2 barnehagar med stort rehabiliteringsbehov

Vi har i dag fleire barnehagar som i løpet av få år vil ha store rehabiliteringsbehov. Med bakgrunn i stor etterspurnad i Slåtten krins, tilrår vi at det vert bygd ny 6-avdelings barnehage her for å erstatte barnehagar med stort rehabiliteringsbehov. Sunnfjord kommune har tilgjengeleg areal nær Slåtten skule til å bygge barnehage.

Tusenfryd barnehage er i dag ikkje godkjent etter Forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule. Barnehagen er heller ikkje godkjent etter brannforskriftene. Det er kostnadskrevjande å rehabiliter Tusenfryd

barnehage ut i frå dagens krav. Vi tilrår at denne barnehagen vert lagt ned i samband med at ein bygger ny barnehage i Slåtten krins.

Vi må også vurdere om Hatlehaugen og Vieåsen barnehage er av ein slik standard at det er føremålsteneleg at dei vert ein del av ein ny barnehage i Slåtten krins.

6.2 Tiltak som bør vurderast i eit lengre perspektiv

6.2.1 Tiltak 4 : Etablere oppveksttun

I gresser med få born, men der det likevel er viktig å oppretthalde eit barnehagetilbod for å sikre busetting, tilrår vi at det vert etablert oppveksttun der barnehage, skule og SFO er i same bygg. Tiltaket er aktuelt på Holsen og i Viksdalen.

6.2.2 Tiltak 5: Bygge ny minimum 6-avdelings barnehage i Førde sentrum - Øyrane for å erstatte barnehagar med stort rehabiliteringsbehov

Sunnfjord kommune ynskjer å ivareta, og sikre moglegitene for bygging av nye barnehagar i framtida. Dette kan vere med på å gjere kvardagen for barnefamiliar føreseielege, og dermed gjere Sunnfjord kommune til ein attraktiv kommune.

Mot slutten av planperioden vil det difor vere teneleg å vurdere å bygge ny barnehage i Førde sentrum, Øyrane, som erstatning for barnehagar som treng rehabilitering.